



Løyve til verksemd etter forureiningslova for Austevoll Laksepakkeri AS

Fylkesmannen gjev Austevoll Laksepakkeri AS løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16 og endra i medhald av § 18. Vilkåra går fram på side 2 til og med side 13. Løyvet erstattar løyve av 20. april 2010.

Løyvet er endra etter søknad 13. mars 2017 med nye fristar for gjennomføring av tiltaka.

Dersom verksemda ønskjer endringar utover det som vart opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig verknad, må verksemda på førehand avklare dette skriftleg med Fylkesmannen.

Data om verksemda

Verksemd	Austevoll Laksepakkeri AS
Stad/Gateadresse	Alfabygget, 5392 Storebø
Postadresse	5392 Storebø
Kommune og fylke	Austevoll i Hordaland
Org.nummer (verksemd)	996 6467 34
Gards- og bruksnummer	Gnr. 43, bnr. 99
NACE-kode og bransje	10.209 Slakting, bearbeiding og konservering av fisk og fiskevarer ellers
Kategori for verksemda ¹	6.4 b) Behandling og bearbeiding med sikte på framstilling av næringsmidler av animalske råstoffer med en kapasitet til produksjon av ferdige produkter på over 75 tonn per dag.

Fylkesmannen sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnummer	Risikoklasse ²
2016.0975	1244.0007.01	2015/323	2

Løyve gjeve: 21.12.2016	Endringsnummer: 1	Sist endra: 4. mai 2017
<p>Henriette Ludvigsen overingeniør</p> <p>Britt Solheim senioringeniør</p> <p><i>Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift</i></p>		

¹ Forureiningsforskrifta kapittel 36 om handsaming av løyve etter forureiningslova

² Forureiningsforskrifta kapittel 39 om gebyr til statskassen for Fylkesmannen sitt arbeid med løyve og kontrollar etter forureiningslova

Endringslogg

Endringsnummer	Endringer av	Punkt	Endringer
1	4. mai 2017	12, 13.1, 13.2, 13.3, 13.5, 13.6	Fristar for gjennomføring av tiltak

Innhald

1. Produksjonsrammer for verksemda	4
2. Generelle vilkår.....	4
2.1 Utsleppsavgrensingar	4
2.2 Plikt til å halde grenseverdiar	4
2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg.....	4
2.4 Best tilgjengeleg teknologi.....	4
2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald	5
2.6 Tiltak ved auka forureiningsfare	5
2.7 Internkontroll.....	5
3. Utslepp til sjø	5
3.1 Utsleppsgrenser	6
3.2 Utsleppsreduserande tiltak, reinseanlegg med meir	6
3.3 Oljehaldig avløpsvatn.....	6
3.4 Utsleppstad for prosessavløpsvatn	6
3.5 Kjølevatn	7
3.6 Overflatevatn og diffuse utslepp	7
3.7 Sanitæravløpsvatn	7
3.8 Mudring.....	7
3.9 Tanklagring	7
4. Utslepp til luft	7
4.1 Utsleppsavgrensingar	8
4.2. Utslepp av støv	8
5. Grunnforureining og forureina sediment	8
6. Kjemikal	8
7. Støy	9
8. Energi.....	9
8.1 Energileiing	9
8.2 Utnytting av overskotsenergi	10
8.3 Spesifikt energiforbruk.....	10
9. Avfall	10
9.1 Generelle krav	10
10. Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining	10
10.1 Miljørisikoanalyse.....	10
10.2 Førebyggjande tiltak.....	11
10.3 Etablering av beredskap	11
10.4 Varsling om akutt forureining.....	11
11. Utsleppskontroll og rapportering til Fylkesmannen	11
11.1 Utsleppskontroll	11
11.2 Måleprogram	11
11.3 Kvalitetssikring av målingane	12
11.4 Rapportering til Fylkesmannen	12
12. Overvaking av resipient og rapportering til Fylkesmannen.....	12
13. Granskingar og utgreiingar	12
13.1 Støysonekart	12
13.2 Sende melding om status for oppfølging av BAT-kravet	13
13.3 Utarbeiding av måleprogram.....	13
13.4 Endring i utsleppskontroll.....	12
13.5 Program for gransking.....	13
13.6 Vurdere verknad på resipient frå utsleppa.....	13
14. Utskifting av utstyr	13
15. Journalføring.....	13
16. Eigarskifte.....	14
17. Nedlegging.....	14
18. Tilsyn	14
VEDLEGG 1: Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1.....	15

1. Produksjonsrammer for verksemda

Løyvet gjeld forureining frå slakting og foredling av laks og aure for ein årleg produksjon av inntil 70 000 tonn sløyd oppdrettsfisk. Produksjonen gjeld i hovudsak slakting og kjøling av fisk som vert levert vidare iset i kasser. Om lag 7000 tonn vert nedfrosen og levert i pappkasser. I alt 7000 tonn oppdrettsfisk vert filleterert årleg.

Løyvet omfattar utslepp av prosessavløpsvatn, utslepp av vatn frå reingjering av produksjonsutstyr og produksjonslokaler. Løyvet gjeld også utslepp frå vaskeprosessar i samband med lasting, lossing og lensing av båter.

Verksemda har 150 tilsette og driftstida er 15 timer per dag i 260 dager i året.

2. Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst miljømessig verknad, er uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i punkt 3 til 18 i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart framlagt i samband med sakshandsaminga eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppført i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram uttrykkeleg av vilkåra i løyvet eller dei er så små at dei må reknast for å vere utan miljømessig verknad.

2.2 Plikt til å halde grenseverdier

Alle grenseverdier skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som følgjer av normal drift i ein slik grad at dei kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, under dette utslepp til luft, vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp, under dette støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkeleg grenser for i vilkår i løyvet.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengd, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået som er lagt til grunn i samband med sakshandsaminga, føre til ein tilsvarende reduksjon i utsleppa.

2.4 Best tilgjengeleg teknologi

Verksemda er omfatta av IED-direktivet. Dette inneber at verksemda skal bruke best tilgjengeleg teknologi (BAT – Best Available Techniques), jf. gjeldande referansedokument, BREF³ som fins på <http://eippcb.jrc.ec.europa.eu/reference>. Kva som til ei kvar tid blir rekna som BAT, vil variere. Det er verksemda sitt ansvar å halde seg oppdatert. Verksemda må jamleg ta ein gjennomgang av eigen status ved å samanlikne med gjeldande BAT, og endre sine teknikkar der desse ikkje er tilfredsstillande, jf. punkt 2.6. Verksemda må sørgje for optimal drift av

³ BREF: Reference Document on Best Available Techniques, jfr. RADSDIREKTIV 96/61/EF (IPPC-direktivet).

prosessutstyr og renseinstallasjonar og ha hyppig gjennomgang av internkontroll og rutinar for vedlikehald.

2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan verke inn på utsleppa. System/rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert, jf. punkt 2.7 Internkontroll.

2.6 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren, under dette om nødvendig, å redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessige følgjer. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 10.4.

2.7 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift⁴. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krav i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda skal alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining, og skal kunne gjere greie for risikoen for forureining.

Systemet skal identifisere personer og funksjonar som er ansvarlege for miljøleing, energileing og drift av reinseanlegg, avløpssystem, akutt forureining, beredskap og loggføring/rapportering. Verksemda må ta ansvar for at personer og innleide verksemder har nødvendig kompetanse og at dei følgjer verksemda sin internkontroll.

Når fleire verksemder utøver arbeid på same arbeidsplass, skal de når det er naudsynt, skriftleg avtale kven som er ansvarleg for samordning av internkontrollen for felles aktivitetar eller felles områder. Behov for samordning skal også vere med i risikovurderingene til verksemdene.

3. Utslepp til sjø

Forbruk av vatn skal avgrensast i så stor grad som det er mogeleg. Forbruket skal vere tilnærma proposjonalt med mengde produsert råstoff, jf. punkt 2.3.

Med prosessavløpsvatn meines spylevatn, blodvatn, slaktevatn, transportvatn, vatn til reingjering eller vatn som har vore i kontakt med råstoff, produkt, biprodukt eller avfall. Dette gjelder også vatn brukt til reingjering av anlegg for handtering av biprodukt.

Verksemda skal ha system for måling av mengde prosessavløpsvatn som blir ført til sjø. Vassforbruk skal registrerast kontinuerleg.

Det skal takast prøver av prosessvatnet kvar månad. Måling av pH skal skje kontinuerleg av prosessavløpsvatnet. Verdiane skal liggje mellom 6-9 før utslepp til sjø.

⁴ Systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (Internkontrollforskrifta)

Verksemda sine utslepp skal ikkje føre til at tilstandsklassen i resipienten blir endra. Nedslamming av nærområdet til utsleppsstaden er ikkje tillate.

Lagringstanker må byggjast slik at eventuelle utslepp frå desse ikkje fører til utslepp til ytre miljø.

3.1 Utsleppsgrenser

Følgjande utsleppsgrenser gjeld:

Kjelde	Komponent	Utsleppsgrensar	
		Konsentrasjonsgrense mg/l	Spe. utslipp kg/tonn produsert
		Midlingstid: døgn	Midlingstid: år
Prosessvatn	Tot-P	8	0,03
Prosessvatn	Tot-N	80	0,24
Prosessvatn	BOF ₅	1500	4,5
Prosessvatn	COD _{Cr}	2500	7,4
Prosessvatn	TSS	700	2,1
Prosessvatn	Feitt	100	0,30

Kjelde	Komponent	Utsleppsgrensar	
Prosessvatn	Vassmengd	800 m ³ /døgn	208000 m ³ /år
Prosessvatn	pH*	6-9	

*kontinuerleg måling

3.2 Utsleppsreducerande tiltak, reinseanlegg med meir

Prosessavløpsvatnet skal førast til sjø i eige utsleppsleidning, slik at innblandinga av vatnet blir best mogeleg. Målekum eller liknande må installerast, for at målingane som blir gjennomført vert reelle for utsleppa.

Verksemda skal hindre at spill og fiskeavskjær når prosessavløpsvatnet, ved hjelp av oppsamlingsanordningar og anna utrustning, tett attmed produksjonslinene. Bruk av vatn bør reduserast mest mogeleg, jf. BAT- referansedokumentet for bransjen.

Prosessavløpsvatnet skal passere feittavskiljar eller tilsvarande reinseteknologi før prøvetakinga. Prosessavløpsvatnet skal desinfiserast før utslepp.

3.3 Oljehaldig avløpsvatn

Eventuelt oljehaldig avløpsvatn frå verkstader eller liknande skal reinsast tilfredsstillande i oljeavskiljar eller tilsvarande reinseeining.

3.4 Utsleppstad for prosessavløpsvatn

Prosessavløpsvatnet frå Austevoll Laksepakkeri AS skal førast via eksisterande avløpsleidning på ein slik måte at innblandinga i vassmassane blir best mogeleg.

Austevoll Laksepakkeri AS må vurdere om avløpsleidninga er plassert slik at innblandinga i vassmassane blir best mogeleg. Vurderingana må utførast av kompetent selskap.

Der det er skipsfart skal verksemda sørgje for godkjenning etter hamne- og farvasslova om utsleppspunktet blir endra.

3.5 Kjølevatn

Kjølevatnet skal førast ut i sjøen på ein slik måte at innblandinga i vassmassane blir best mogleg og skal ikkje føre til vesentlege temperaturendringar i resipienten. Utsleppet av kjølevatn skal ikkje overstige 500 m³ per time.

Bruk av groehindrande middel i kjølevatn med utslepp til vatn er ikkje lov. Kjølevatnet kan koplatt til utsleppsleidninga for prosessavløpsvatnet, nedstraums utsleppet.

3.6 Overflatevatn og diffuse utslepp

Diffuse utslepp frå produksjonsprosessar og frå uteareal, til dømes avrenning frå lagerområde og område for lossing/ lasting, som kan føre til skade eller ulempe på miljøet, skal avgrensast mest mogeleg. Avrenning av overflatevatn frå utearealet til verksemda skal handterast slik at det ikkje fører til skade eller ulempe for miljøet. Dersom overflatevatn skal sleppast ut via leidninga for prosessavløpsvatnet, må utsleppet påkoplatt leidninga nedstraums målekummen.

3.7 Sanitæravløpsvatn

Verksemda skal leie sanitæravløpsvatnet sitt til offentleg avløpsnett.⁵

3.8 Mudring

Dersom det som følgje av drifta til bedriften skulle vise seg å vere nødvendig med mudring, skal bedriften innhente nødvendig løyve frå forureiningsstyresmakta. Slik mudring må verksemda koste sjølv.

3.9 Tanklagring

Om verksemda har tankar for lagring av petroleumsprodukter større enn 20 m³ eller større enn 2m³ for lagring av farleg kjemikal og farleg avfall, gjelder tanklagringsforskrifta.⁶

4. Utslepp til luft

Løyvet gjeld ikkje for utslepp frå energiproduksjon. Verksemda bruker elektrisk strøm som energikjelde.

Prosessar for slakting, kjøling og foredling av laks og aure skal ikkje føre til utslepp til luft. Luktproblem kan oppstå ved ensilering og reingjering av utstyr og tankar med meir.

Alle aktivitetar som kan føre til lukt eller støv til omgjevnadene må føregå mest mogeleg i lukka rom. Lasting, lossing, lagring av råvarer og ventilasjon frå områder med produksjon, må skje på ein slik måte at minst mogeleg luft vert sluppe ut ureinsa.

⁵ Jf. forureiningsforskrifta kapittel 12 (50 pe) eller 13 (>50 pe)

⁶ Forureiningsforskrifta Kapittel 18. Tanklagring av farlege kjemikal og farleg avfall

Diffuse utslepp av lukt frå produksjonsprosessar og frå uteareal, til dømes lagerområde, område for lossing/lasting og reinseanlegg, som kan føre til skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast mest mogleg.

Lukt skal vere ein viktig styringsparameter for verksemdas aktivitet. Verksemda skal ha oversikt over drift som kan generere lukt, og skal fortløpande vurdere naudsynte tiltak for å redusere luktutslepp og dokumentere desse. Verksemda skal som ein del av internkontrollen registrere og handtere eventuelle klager på lukt. Ved klage skal informasjon om tiltak gjerast kjent for dei som klager og for Fylkesmannen.

4.1 Utsleppsavgrensingar

Frekvensen av gjenkjennbar plagsom lukt ved omkringliggjane bustader og fritidsbustader skal ikkje overstige 1 prosent av timane i ein månad (frekvens/hyppighet).

Verksemda skal ha system for loggføring av eventuelle innkomne klager på lukt som kan knyttast til tid og stad. Årsaka til utsleppet skal vurderast, og eventuelle tiltak som skal settjast i verk skal utgreiast. Klager og Fylkesmannen må bli informert.

Verksemda skal årleg sende Fylkesmannen rapport om talet på klager på lukt og ein vurdering av talet på lukthendingar ved verksemda det siste året. Rapporteringa må innehalde opplysningar om årsaka til dei einskilde klagene/lukthendingane, og eventuelle tiltak som er gjennomført for å avgrense utsleppet. Dersom driftstilhøva blir endra skal rapporteringa også innehalde ei oppdatert risikovurdering. Data må rapporterast årleg i eigenkontrollrapporteringa via Altinn, jf. punkt 11.4.

4.2. Utslepp av støv

Aktivitetane til verksemda skal ikkje føre til støvutslepp til omgjevnadene.

5. Grunnforureining og forureina sediment

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan føre til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

Verksemda pliktar å halde kontinuerleg oversikt over eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet og forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreining, og om det er trong for granskingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk granskingar eller andre tiltak, skal Fylkesmannen varslast om dette.

Graving, mudring eller andre tiltak som kan påverke forureina grunn eller forureina sediment, må ha løyve etter forureiningslova, ev. godkjenning frå kommunen⁷ eller Fylkesmannen⁸.

6. Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukt i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal, til dømes groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel for å hindre brann.

⁷ Forureiningsforskrifta kapittel 2 om opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid

⁸ Forureiningsforskrifta kapittel 22 om mudring og dumping i sjø og vassdrag ¹⁰

For kjemikal som blir brukt på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemda dokumentere at det er gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.7 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Verksemda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som blir brukt, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemda å bruke desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.⁹

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillas og seljast, eller bli brukt utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket¹⁰ og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

7. Støy

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje bryte følgjande grenser, målt eller rekna ut som frittfeltsverdi ved mest støyutsette fasade:

Kvardagar	Laurdagar	Sun- og heilagdag	Kveld (kl. 19–23), kvardagar	Natt (kl. 23–07), alle døgn	Natt (kl. 23–07), alle døgn
55 L _{den}	50 L _{den}	45 L _{den}	50 L _{evening}	45 L _{night}	60 L _{AFmax}

L_{den} er A-vega ekvivalent støynivå for dag/kveld/natt med 10 dB/5 dB tillegg på natt/kveld.

L_{evening} er A-vega ekvivalent støynivå for kveldsperioden 19–23.

L_{night} er A-vega ekvivalent støynivå for nattperioden 23–07. L_{AFmax} er A-vega maksimalnivå for dei 5–10 mest støyande hendingane innanfor perioden, målt/rekna ut med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Verksemda skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå verksemda si ordinære verksemd, inkludert intern transport på verksemdsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette er likevel ikkje omfatta av grensene.

Verksemda skal utarbeide eit støysonekart for eiga verksemd og sende dette til kommunen og Fylkesmannen, jf. punkt 13. Støysonekartet skal vise raude og gule soner (jf. T-1442) og støygrensene i løyvet. Støysonekartet skal haldast oppdatert.

Støygrensene gjeld ikkje for ny busetnad av type nemnt ovanfor som blir etablert på stader der støybidraget frå verksemda bryt eller er forventa å kunne bryte fastsette grenser i løyvet.

8. Energi

8.1 Energileiing

Verksemda skal ha eit system for energileiing i verksemda for kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogleg energieffektiv

⁹ Produktkontrollova § 3a

¹⁰ Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og avgrensing av kjemikal (REACH)

produksjon og drift. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til verksemda, jf. punkt 2.7 og følgje prinsippa og metodane gitt i norsk standard for energileiing.

8.2 Utnytting av overskotsenergi

Verksemda skal i størst mogleg grad utnytte overskotsenergi frå eksisterande og nye anlegg internt. Verksemda skal også gjennom tiltak på eige verksemdsområde leggje til rette for at overskotsenergi skal kunne nyttast eksternt, med mindre verksemda kan godtgjere at dette ikkje er teknisk eller økonomisk mogleg.

8.3 Spesifikt energiforbruk

Verksemda skal rekne ut spesifikt energiforbruk og rapportere dette årleg, jf. punkt 11.4.

9. Avfall

9.1 Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følgje av verksemda. Særleg skal verksemda prøve å avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet mest mogleg.

Verksemda pliktar å sørgje for at all handtering av avfall, under dette farleg avfall, skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova, under dette avfallsforskrifta¹¹.

Avfall som oppstår i bedriften, skal om mogeleg gjenbrukast i bedriftens produksjon eller i andre bedrifter sin produksjon, eller- for avfall som kan brennast- søkt nytta til energiproduksjon internt/eksternt. Dette må skje i overeinskomst med gjeldande reglar fastsett i eller i medhald av forureiningslova, samt krav fastsett i dette løyvet.

Farleg avfall skal ikkje lagrast lenger enn i 12 månadar.

10. Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

10.1 Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av verksemda si. Verksemda skal vurdere resultatane med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggjast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle tilhøve ved verksemda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på område til verksemda eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjonstilhøve skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Verksemda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

¹¹ Forskrift om gjenvinning og handsaming av avfall

10.2 Førebyggjande tiltak

På basis av miljørisikoanalysen skal verksemda setje i verk risikoreduserande tiltak. Både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Verksemda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

10.3 Etablering av beredskap

Verksemda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sette i verk, om nødvendig, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til ei kvar tid representerer. Verksemda skal øve på beredskapen mot akutt forureining minimum ein gong per år.

10.4 Varsling om akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift¹².

Verksemda skal også så snart som mogleg varsle Fylkesmannen gjennom fmhopostmottak@fylkesmannen.no i slike tilfelle.

Fylkesmannen føreset at verksemda kan leggje fram meir utfyllande dokumentasjon, til dømes ved tilsyn, om verksemda sine aktivitetar knytt til miljørisikoanalysen, dei førebyggjande tiltaka og beredskapen.

11. Utsleppskontroll og rapportering til Fylkesmannen

11.1 Utsleppskontroll

Verksemda skal gjennomføre målingar av utslepp til vatn. Målingar omfattar volumstrømsmåling, prøvetaking, analyse og utrekning.

Målingar og utrekningane skal utførast slik at dei blir representative for verksemda sine faktiske utslepp og skal som et minimum omfatte:

- komponentar som er uttrykkeleg regulert gjennom grenseverdier i løyvet eller forskrifter
- andre komponentar som er omfatta av rapporteringsplikta i samsvar med Miljødirektoratet sin rettleiar til verksemda sin eigenrapportering. Rettleiaren er lagt ut på www.miljodirektoratet.no.

Verksemda skal ha eit måle- og utrekningsprogram som inngår i verksemda sin dokumenterte internkontroll.

11.2 Måleprogram

Når verksemda utarbeider måleprogrammet, skal de:

- velje prøvetakingsfrekvensar som gjev representative prøver
- vurdere usikkerheitsbidraga ved dei ulike trinna i målingane (volumstrømsmåling – prøvetaking – analyse – utrekning) og velje løysingar som reduserer den totale usikkerheita til eit akseptabelt nivå

Måleprogrammet skal skildre dei ulike trinna i målingane og grunngje valde metodar. Bidrag til usikkerheit i dei ulike trinna skal gå fram av måleprogrammet.

¹² Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining

11.3 Kvalitetssikring av målingane

Verksemda er ansvarleg for at metodar og utføringar er forsvarleg kvalitetssikra mellom anna ved å

- utføre målingane etter Norsk standard. Dersom det ikkje finst, kan internasjonal eller utanlandsk standard brukast. Fylkesmannen kan vidare godta at annan metode vert brukt dersom særlege omsyn tilseier det
- bruke akkrediterte laboratorium/tenester når prøvetaking og analyse blir utført av eksterne. Tenesteyter skal vere akkreditert for den aktuelle tenesta
- delta i ringtestar for dei parametranne som er regulert gjennomgrenseverdiar når verksemda sjølv analyserer
- jamleg verifisere eigne målingar med tredjepartskontroll for dei parametranne som er regulert gjennom grenseverdiar

11.4 Rapportering til Fylkesmannen

Verksemda skal innan 1. mars kvart år rapportere utsleppsdata frå førre år via www.altinn.no. Rapportering skal skje i samsvar med Miljødirektoratet sin rettleiar til verksemda sin eigenkontrollrapportering, sjå www.miljodirektoratet.no.

For utslepp av stoffer, der vi ikkje har gitt presise grenseverdiar under punkt 3.1 og 4.1, vil vi ved gjennomgang av eigenkontrollrapportene, stadig vurdere å fastsette meir presise og eventuelt strengare grenser.

12. Overvaking av resipient og rapportering til Fylkesmannen

Verksemda skal sørge for overvaking av effektar av utsleppa til vatn og sediment i samsvar med eit overvakingssystem. Overvakingssystemet skal sendast Fylkesmannen for eventuelle merknader innan 1. oktober 2017. Granskinga må gjennomførast innan 31. desember 2019 og rapporten skal sendast Fylkesmannen så snart han er publisert. På bakgrunn av resultatane, vil vi vurdere om det er naudsynt å endre løyvet.

Der det går føre seg overvaking i regi av Fylkesmannen eller vassregionstyresmakt, må Austevoll Laksepakkeri AS bidra i felles overvakingssystem med data for dei kvalitetselementa i vassførekomsten som kan vere direkte eller indirekte påverka av verksemda sine utslepp. Granskinga kan mellom anna omfatte relevante parametere etter krav i Vassforskrifta.

Data som blir skaffa ved overvaking i vatn, inklusiv sediment og biota, skal registrerast i databasen *Vannmiljø*. Data skal leverast på *Vannmiljø* sitt importformat, som er å finne på <http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no>. Her finst også oversikt over kva for informasjon som skal registrerast i samsvar med *Vannmiljø* sitt kodeverk.

Resultatane frå overvakinga skal sendast til Fylkesmannen så snart dei er publiserte.

13. Granskingar og utgreiingar

13.1 Støysonekart

Verksemda skal utarbeide eit støysonekart for eiga verksemd og sende dette til kommunen og Fylkesmannen innan 1. oktober 2017. Støysonekartet skal vise raude og gule soner (jf. T-1442/2012¹³) og støygrensene i gitt løyvet under punkt 7.

¹³ Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2012)

13.2 Sende melding om status for oppfølging av BAT-kravet

Verksemnda må sende Fylkesmannen melding med status for korleis verksemnda oppfyller kravet om å nytte best tilgjengelege teknologi (BAT) for å overhalde kravet i direktivet. Frist for tilbakemelding er 1. oktober 2017.

13.3 Utarbeiding av måleprogram

Verksemnda skal revidere sitt måleprogram for kontroll med utslepp av rapporteringspliktige komponentar innan 1. oktober 2017, jf. punkt 11.2.

13.4 Endring i utsleppskontroll

Verksemnda skal vurdere usikkerheitsbidraga ved dei forskjellige trinna i målingane (volumstrømsmåling – prøvetaking – analyse – utrekning). Verksemnda skal gjennomføre tiltak som reduserer den totale usikkerheita til eit akseptabelt nivå.

13.5 Program for gransking

Verksemnda skal oversende programmet for neste gransking av miljøtilhøva i resipienten til Fylkesmannen for eventuelle merknader innan 1. oktober 2017.

13.6 Vurdere verknad på resipient frå utsleppa

Austevoll Laksepakkeri AS skal vurdere korleis utsleppa verker på resipienten innan 1. oktober 2017. Verksemnda skal også vurdere om utsleppspunktet for prosessavløpsvatnet bør flyttast, jf. punkt 3.4.

14. Utskifting av utstyr

Viss verksemnda skal gjere utskifting av utstyr i verksemnda som gjer det teknisk mogleg å motverke forureining på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gjeve, skal Fylkesmannen på førehand få melding om dette.

Ved all utskifting av utstyr skal verksemnda nytte dei beste tilgjengelege teknikkane for å motverke forureining.

15. Journalføring

Verksemnda skal føre journal over følgjande:

- Mengde råstoff motatt
- Mengde produsert, fordelt på type produkt
- Mengde fiskeavfall, innvoller og avskjær
- Mengde og type avfall, derunder farleg avfall og slam frå reinsing av prosessvatnet
- Korleis avfallet er handtert og kor det er levert
- Forbruk av kjemikal, også kjemikal til desinfisering og reingjering
- Vatn- og energiforbruk
- Analyseresultat frå utslepp av prosessvatn og resipientgranskingar
- Evt. uhell som har ført til forureining av miljøet, tiltak
- Forbruk av klor
- Resultat frå prøvetakinga

16. Eigarskifte

Viss verksemda blir overdratt til ny eigar, skal verksemda sende melding til Fylkesmannen så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

17. Nedlegging

Viss eit anlegg blir nedlagt eller ei verksemd stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Viss anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda i rimelig tid på førehand gje melding til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke forureining. Fylkesmannen kan påleggje eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørgje for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall blir teke hand om på forsvarleg måte, under dette at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift¹⁴. Dei tiltaka som blir sette i verk ved slike høve, skal verksemda rapportere til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalrestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuelle kjøparar.

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sørgje for at driftsstaden blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand igjen.

Viss verksemda ønskjer å starte drifta på nytt, skal verksemda gje melding til Fylkesmannen i god tid før start er planlagt.

18. Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta eller dei som har mynde, føre tilsyn med anlegget til ei kvar tid.

¹⁴ Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall

VEDLEGG 1: Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1.

Utslipp av disse komponenter er bare omfattet av tillatelsen dersom dette framgår uttrykkelig av vilkårene i pkt. 3 flg. eller de er så små at de må anses å være uten miljømessig betydning

Metaller og metallforbindelser:	Forkortelser
Arsen og arsenforbindelser	As og As-forbindelser
Bly og blyforbindelser	Pb og Pb-forbindelser
Kadmium og kadmiumforbindelser	Cd og Cd-forbindelser
Krom og kromforbindelser	Cr og Cr-forbindelser
Kvikksølv og kvikksølvforbindelser	Hg og Hg-forbindelser
Organiske forbindelser:	Vanlige forkortelser
Bromerte flammehemmere:	
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcycloodekan	HBCDD
rombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA
Klorerte organiske forbindelser	
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C ₁₀ -C ₁₃ (kloralkaner C ₁₀ -C ₁₃)	SCCP
Mellomkjedete klorparafiner C ₁₄ -C ₁₇ (kloralkaner C ₁₄ -C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Trikloran (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP
Enkelte tensider:	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenerert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC
Alkylfenoler og alkylfenoletoksyler:	
Nonylfenol og nonylfenoletoksyler	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksyler	OF, OP, OFE, OPE
Dodecylfenol m. isomerer	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol
Per- og polyfluorerte alkylforbindelser (PFAS)	
oroktansulfonat (PFOS) og forbindelser som inneholder PFOS	PFOS, PFOS-relaterte forbindelser
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og forbindelser som inneholder PFHxS	PFHxS, PFHxS-relaterte forbindelser
Langkjedete perfluorerte karboksylsyrer	
Perfluoroktansyre	PFOA
C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDODA, PFTrDA, PFTeDA
Tinnorganiske forbindelser:	
Tributyltinnforbindelser	TBT
Trifenylyltinnforbindelser	TFT, TPT
Dibutyltinnforbindelser	DBT
Dioktylyltinnforbindelser	DOT
Polysykliske aromatiske hydrokarboner	
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	PAH
Bisfenol A	DEHP
Siloksaner	BPA
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4
Benzotriazolbaserte UV-filtre	
2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350